



Til adressatar i følgje liste

SAKSBEHANDLAR: TOM DYBWAD

ARKIVKODE: 2012/1912 - 432.3 DATO: 20.04.2012

## JOTUNHEIMEN NASJONALPARK OG UTLADELEN LANDSKAPSVERNOMRÅDE - REFERAT FRA MØTET I NASJONALPARKSTYRET 23. MARS 2012

**Referat frå møte i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen nasjonalpark fredag 23. mars 2012 –  
Vågå/Leikanger kl. 1000-1400.**

### Tilstades:

#### Styret:

For Lom kommune: Mai Bakken

For Luster kommune: Ivar Kvalen

For Vågå kommune: Iselin Jonassen (vara)

For Årdal kommune: Marie Helene Brandsdal (vara)

For Oppland fylkeskommune: Tor Jevnheim (vara)

Sogn og Fjordane fylkeskommune: Frida Melvær

#### Andre:

Harald Klæbo, sekretariat hos Fylkesmannen i Oppland

Tom Dybwad, sekretariat hos Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Rigmor Solem, Statens naturoppsyn Jotunheimen

Magnus Snøtun, nasjonalparkforvaltar frå 1. mai 2012

### Sakliste:

- 1-2012 Godkjenning av innkalling og referat frå 13.12.2011
- 2-2012 Konstituering av det nye nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen
- 3-2012 Gjennomgang av retningsliner for styret frå Miljøverndepartementet, forventninger til styret
- 4-2012 Sekretariat, forvaltningsknutepunkt
- 5 -2012 Arbeidsutval(AU): samansetnad og arbeidsoppgåver
- 6-2012 Forvaltningsplan for Jotunheimen NP/Utladalen LV.

|         |   |
|---------|---|
| 7-2012  | Statens naturoppsyn – oppgåver og roller  |
| 8-2012  | Besøksstrategi for Jotunheimen nasjonalpark   |
| 9-2012  | Memurubu turisthytte – søknad om motorisert transport av faste gjester                                    |
| 10-2012 | Søknad om motorferdselløyve i samband med bremålingar på Gråsubreen                                       |
| 11-2012 | Klage på vilkår – Besseggenløpet  |
| 12-2012 | Søknad om stikking av vinterløpe Storådalen - Memurudalen   |
| 13-2012 | Søknad om fornya løyve for snøskuter 2012-2015 frå Vang Energiverk  |
| 14-2012 | Søknad om å endre tidspunkt for snøskutertransport til Tindeklubbhytta                                    |
| 15-2012 | Søknad om å arrangere Brattkøyringsrenn frå Nordre Dyrhaugstind 21.04.2012 til erstatning for Tinderittet |
| 16-2012 | Eventuelt   |

## **Sak 1-2012 Godkjenning av innkalling og referat frå 13.12.2011**

Tom Dybwad ønskte velkommen:

«I 2010 kunngjorde Regjeringa at den ville setje i gang ei reform med oppretting av interkommunalt nasjonalparkstyre/verneområdestyre for nasjonalparkane og dei store landskapsvernområda. Fram til då hadde Fylkesmennene vore forvalningsstyresmakt. Nokre stader i landet var det konflikt kring dette, medan vi kan konstatere at i vårt fylke var konfliktane etter kvart små.

Reforma med oppretting av verneområdestyret og nasjonalparkstyre blei for store delar av landet, inkludert alle dei store verneområda i Sogn og Fjordane, og dei fleste i Oppland, sett ut i livet i 2011.

Så var det kommuneval hausten 2011, og med det oppnemning av nye medlemmar til alle nasjonalparkstyla og verneområdestyra. Så no er det nye kostar, og ny konstituering av styra.

Nasjonalparkane og dei store landskapsvernområda inneholder den naturen som har fått det høgaste kvalitetstempla norsk natur kan få. Her ligg den mest verdfulle naturen. Det er utarbeidd eit eige formål for vernet i kvart område, og eigne reglar som styret som forvalningsstyremakt skal forvalte etter. Desse kom til etter ein lang og grundig prosess med utgreiingar og høyringar før vedtak gjennom kgl. res.. Og desse verneforskriftene er ikkje alltid enkle, sjølv om verneformålet er ledetråden. Regjeringa har lagt vekt på at det skal vere eit kompetent organ som fattar avgjerder etter verneforskriftene. Difor er det laga eit eige kompetanseprogram for alle verneområdestyra, og for dykk i nasjonalparkstynet for Jotunheimen og Utladalen, er desse dagane planlagt til 29. og 30 mai, i lag med nasjonalparkstynet i Breheimen. Tom

Eg har i 20 år vore sakhandsamar for dei store verneområda i Sogn og Fjordane og Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde. Eg føler meg ganske sikker på at de vil oppdage at forvaltning av Jotunheimen

nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde er eit viktig og spennande felt å arbeide med. Og at det er spennande å bli kjend i naturområde de kanskje kjenner frå før, men då på ein annan måte/vinkel.

Det er viktig at denne verdfulle naturen i nasjonalparkane og landskapsvernområda blir brukt, for utan at folk er i naturen vil dei ikkje bli glad i han og ta vare på han. Denne bruken må skje på ein måte som ikkje går ut over naturen, dvs. brukast men ikkje forbrukast. Her er mange moglegheiter innafor det regelverket som finst, og vi har alle mykje å oppdage og lære om dette framover.

Det er eit stort ansvar å skulle forvalte den mest verdfulle naturen i Noreg, og eg ønskjer dykk lykke til med arbeidet i nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen.»

Tom Dybwad leia så møtet fram til val av leiar og nestleiar var gjort.

Ingen merknadar til innkalling og sakliste, utanom at pga feil i nummereringa skal denne rettast opp i referatet.

## **Sak 2 – 2012 Konstituering av nytt nasjonalparkstyre**

Følgjande personar er oppnemnde av Miljøverndepartementet i brev av 17.01.2012:

For Lom kommune: Mai Bakken

personleg vara: Bjarne Eiolf Holø

For Luster kommune: Ivar Kvalen

personleg vara: Marit Aakre Tennø

For Vang kommune: Vidar Eltun

personleg vara: Aud Irene Hamre Rogn

For Vågå kommune: Rune Øygard

personleg vara: Iselin Jonassen

For Årdal konmume: Arild Ingar Lægreid

personleg vara: Marie Helene Brandsdal

For Oppland fylkeskommune: Jørand Ødegaard Lunde

personleg vara: Tor Jevnheim

Sogn og Fjordane fylkeskommune: Frida Melvær

personleg vara: Aleksander Øren Heen

Ingen forslag fra sekretariatet på leiar eller nestleiar. Medlemmene legg fram forslag i møtet og gjennomfører val.

### Framlegg:

Leiar: Mai Bakken

Nestleiar: Ivar Kvalen

## **Vedtak:**

Mai Bakken vart samrøystes vald som leiar

Ivar Kvalen vart samrøystes vald som nestleiar

Den nye leiaren overtok deretter som møteleiar.

## **Sak 3 – 2012 Gjennomgang av retningsliner frå Miljøverndepartementet – forventningar til styret**

Orientering frå Tom Dybwad. Vedtekten og retningslinjer vil bli meir grundig gjennomgått i kompetanseprogrammet 29.-30. mai. Vedtekten vert lagt ved dette møtereferatet.

## **Sak 4-2012 Styret sitt sekretariat, forvaltningsknutepunkt**

Orientering blir gjeve i møtet (FMOP)

- Tilsetting av nasjonalparkforvaltarar
- Overgangsfase med Fylkesmannen i Oppland og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane som sekretariat

### Brev frå MD 25. oktober 2011 (utdrag):

“Nasjonalparkstyret har samråysta vedteke å oppmøde departementet om å godkjenne eit forvaltningsknutepunkt i Lom kommune og eit forvaltningsknutepunkt i Luster kommune. Dei ber om at det blir tilsett to forvaltarar.

Miljøverndepartementet har lagt til grunn at det skal tilsettast to forvaltarar for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernombord. At det anten eksisterar eller kan utviklast eit godt fagleg miljø, er eit viktig kriterium for val av forvaltningsknutepunkt, jf. våre brev av 14.desember 2009 og 4.november 2010. I Lom ligg Norsk Fjellmuseum som er godkjent som nasjonalparksenter for både Jotunheimen nasjonalpark og Reinheimen nasjonalpark. I museet er det samla eit breitt spekter av naturfagleg kompetanse og staden har god geografisk plassering. Dette samsvarar godt med våre vilkår. Departementet godkjenner difor Lom Fjellmuseum som forvaltningsknutepunkt for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernombord.

Departementet er samd i at det av omsyn til å etablera ei smidig forvaltning, er naudsynt å plassera ein forvaltar på vestsida av fjellet. Ein av dei to forvaltarane skal difor ha kontorplass i kommunehuset i Luster, der ein forvaltar knytt til Breheimen nasjonalpark har kontorlokale. Dette er ikkje definert som eit forvaltningsknutepunkt.

Forvaltaren som har kontor i forvaltningsknutepunktet i Lom, skal få eit administrativt og koordinerande ansvar i forvaltninga av dei to verneområda. Sjølv om dei to forvaltarane har ulik geografisk plassering, må dei rekne med å arbeide med forvaltninga av både verneområda. Fylkesmannen i Oppland skal ha ein koordinerande rolle i høve til dei to forvaltarane. Vi ber om det vert gjeve tilbakemelding til Direktoratet for naturforvaltning om det er behov for eventuelle ressursar i samband med etablering av knutepunktet og kontorlokale i Luster, slik at eit eventuelt behov kan vurderast i høve til budsjettmidlane som er til rådvelde. Vi føreset at ein nasjonalparkforvaltar får kontorplass i Fjellmuseet i Lom og den andre får kontorplass i kommunehuset i Luster kommune.

Vi ønskjer lukke til med det vidare arbeidet.”

### Handsaming i Nasjonalparkstyret:

Harald Klæbo orienterte om at det førre nasjonalparkstyret tilrådde (samrøystes) delt forvaltningsknutepunkt, med oppretting av to nasjonalparksforvaltarstillingar, ei i Lom og ei i Gaupne. Miljøverndepartementet gjorde vedtak om forvaltningsknutepunkt i Lom, men to kontor, eit i Lom og eit i Gaupne. Forvaltarane er tilsette hos Fylkesmannen i Oppland og vil få oppfølging herifrå.

Tom Dybwad opplyste at forvaltaren på vestsida vil få fagleg oppfølging frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

Ivar Kvalen sa at han legg ikkje skjul på at Luster var skuffa over at Miljøverndepartementet valde den modellen og ikkje same modell som Breheimen, som fungerer svært godt, med eit godt og sterkt fagleg miljø i Luster.

## **Sak 5 – 2012 Arbeidsutval: samansetnad og arbeidsoppgåver**

Bakgrunn og innstilling frå Fylkesmennene i Sogn og Fjordane og Oppland (midlertidig sekretariat):

a) samansetnad (vedtakssak)

Vedtekten for nasjonalparkstyret for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde, punkt 5 lyder:

"Styret kan nedsetje eit arbeidsutval beståande av minimum 3 styremedlemmar. Styret kan gi arbeidsutvalet myndighet til å treffe vedtak etter naturmangfoldlova etter verneforskriftene i enkeltsaker som ikkje er av stor betydning for verneverdiane. Vedtak i arbeidsutvalet skal treffast innanfor ramma av prinsipp fastsett av styret for de ulike saksområda i tråd med naturmangfoldlova/verneforskriftene."

Formålet med å opprette eit arbeidsutval (AU) er at forvaltninga skal skje så effektivt og smidig som mogleg, jf. brev av 10. august 2010 frå statsråd Erik Solheim. Det er opp til styret å vurdere om det ev. er teneleg å nedsetje eit mindre AU.

Under sak 1/2012 har styret valt leiar og nestleiar. Det er naturlig at desse to også blir valt til AU. Av omsyn til målet om effektivitet og smidigkeit, bør AU ikkje bestå av fleire enn tre medlemmar. I tillegg må styret da velje eit tredje styremedlem til å sitte i AU. Vi tilrår at styremedlemmene foreslår kandidatar på møtet og at det ev. ved behov gjennomførast en avstemming.

b) arbeidsoppgåver (vedtakssak)

Årsaka for oppretting av eit AU er at forvaltninga av verneområda skal kunne skje så effektivt og smidig som mogleg jf. del a) over. I fyrste omgang er dette særleg viktig når det gjeld handsaming av søknader om dispensasjon frå verneforskrifta.

Jf. vedtekten punkt 5 (over), kan styret gje AU myndighet til å treffe vedtak i enkeltsaker som ikkje er av stor betydning for verneverdiane. AU sine vedtak skal vidare treffast etter prinsipp fastsett av styret for de ulike saksområda i tråd med naturmangfoldlova/verneforskrifta. Gjeldande forvaltningsplan (1998) og forslag til forvaltningsplan for Jotunheimen NP/Utladalen LV, utdjupar dei enkelte dispensasjonsføresegnene i verneforskrifta og gjev retningsliner for kva som kan/bør tillatast med utgangspunkt i omsynet til verneverdiane og verneformålet for det einskilde verneområde.

Dispensasjonssaker kan, jf punkt 6 i vedtekten og "stillingsbeskrivelse for nasjonalparkforvaltar", ikkje bli delegert vidare til nasjonalparkstyrets sekretariat.

På eit seinare tidspunkt er det naturleg at nasjonalparkstyret har ein gjennomgang av alle styret sine arbeidsoppgåver og kva for oppgåver styret delegerer til AU.

Med denne bakgrunn foreslår vi at styret i fyrste omgang delegerar avgjerdsmynne for følgjande sakstypar til AU:

- Dispensasjonssøknader der det klart går fram av forvaltningsplanen om løyve kan bli gjeve. Dette vil ikkje gjelde irreversible tiltak som f.eks. byggetiltak. (Dvs. at søknader om irreversible tiltak skal handsamas i styret).
- Søknader om forlenging av dispensasjon frå verneforskrifta, kor søker er gjeve løyve til tidlegare.

**Forslag til vedtak:**

*a) samansetjing av arbeidsutvalet:*

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen NP/Utladalen LV opprettar med dette eit arbeidsutval (AU) jf. vedtektena pkt. 5. AU skal bestå av leiar og nestleiar i styret, og følgjande styremedlem: ....., til saman tre personar.

Framlegg til samansetjing av arbeidsutvalet: Leiar, nestleiar og Rune Øygard

**Vedtak** (samrøystes) i tråd med framlegget. I AU sit leiar, nestleiar og Rune Øygard.

Framlegg vara i rekkefølge: 1. vara: Arild Ingar Lægreid, 2. vara: Jørand Ødegård Lunde

**Vedtak** (samrøystes) i tråd med framlegget: 1. vara er Arild Ingar Lægreid, 2. vara er Jørand Ødegård Lunde

*b) Arbeidsutvalet sine oppgåver:*

Nasjonalparkstyret vil vedta nærmere retningsliner for AU sine oppgåver innan utgangen av 2011 og ber om at sekretariatet førebur dette.

Inntil vidare delegerer styret avgjerdsmakta for følgjande sakstypar til AU:

- Dispensasjonssøknader der det klart går fram av forvaltningsplanen om løyve kan/bør gjevast, med unntak av irreversible tiltak som f.eks. byggjetiltak.
- Søknader om forlenging av dispensasjon frå verneforskriftene, når søker har fått løyve tidlegare.

Sekretariatet informerte om at AU er viktig, særleg for handsaming av saker som hastar, ikkje minst motorferdsel. AU kan vedta å leggje saker til styret. Oftast telefonmøte.

Tor Jevnheim tok opp om det skal vere tidsavgrensing på forlenging av dispensasjonar som AU kan gje.

Sekretariatet informerte om at det må vurderast i kvart tilfelle, og det kan nokre gonger vere formålstenleg å avgrense tida til styreperioden.

**Vedtak**

Styret gjorde samrøystes vedtak i tråd med innstillinga:

Inntil vidare delegerer styret avgjerdsmakta for følgjande sakstypar til AU:

- Dispensasjonssøknader der det klart går fram av forvaltningsplanen om løyve kan/bør gjevast, med unntak av irreversible tiltak som f.eks. byggjetiltak.
- Søknader om forlenging av dispensasjon frå verneforskriftene, når søker har fått løyve tidlegare.

## **Sak 6-2012 Forvaltningsplan for Jotunheimen NP/Utladalen LVO.**

Sekretariatet vil gjere greie for prosess og status for revisjon av verneforskrift og forvaltningsplan.

Tom Dybwad orienterte om at gjeldande forvaltningsplan vart godkjend i 1998, forskrift frå 1980. Utkast til ny forskrift og revisjon av forvaltningsplan blei sendt på høyring i 2007, og Fylkesmennene si tilråding etter høyringa vart sendt DN juli 2008. Klargjort i DN og stor einigkeit. Fylkesmennene følgjer opp denne saka fram mot kompetanseprogrammet.

## **Sak 7-2011 Statens naturoppsyn (SNO) si rolle**

Rigmor Solem, Statens naturoppsyn Jotunheimen, gav ei orientering om:

- SNO si rolle og oppgåver, om
- "bestillingsdialogen", som er utgangspunktet for tildeling av midlar til tiltak i alle verneområda i landet.
- tiltaka SNO og forvaltninga har samarbeidd om,
- kjøp av tenester hos andre, bl.a. fjellstyna i Jotunheimen. Omfanget av tenestekjøp i 2012 er om lag på nivå med 2011.

Vidare orientering om SNO vert gjeve på kompetanseprogrammet.

## **Sak 8 - 2012 Besøksstrategi for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde**

### **Dokument i saka:**

Høyringsutkast til ein besøksstrategi for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde (vedlagt)

### **Innstilling/bakgrunn:**

Høyringsutkast til ein besøksstrategi for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde følgjer vedlagt. Strategien er utarbeida som ein del av "Bruk-vern"-prosjektet hos Fylkesmannen i Oppland. Dette er eit tre-årig prosjekt som har vore støtta økonomisk av Direktoratet for naturforvaltning og Landbruks- og matdepartementet. Strategien er utarbeida i samarbeid med Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og SNO Jotunheimen.

Arbeidet med strategien starta opp før reforma med lokale forvalningsstyrer for nasjonalparkane vart starta opp. Det blir derfor ein overgangsfase nå, der det arbeidet Fylkesmennene igangsatte avsluttast før dei nye styra tek over.

Når det gjeld vidare prosess for besøksstrategien, skulle det nye nasjonalparkstyret for Jotunheimen ideelt sett ha realitetshandsama strategien før den blir sendt på høyring. Det er imidlertid ikkje realistisk å realitetshandsame besøksstrategien på det konstituerande møtet for det nye nasjonalparkstyret. Det er for det fyrste mange forhold det nye styret skal setje seg inn i, som verne føresegner, forvaltningsplan, regler for sakshandsaming med meir. Mykje av dette vil fyst bli grundigare gjennomgått på kompetansedagane for styret i mai. Videre er ein presentasjon av besøksstrategien på videooverføring lite gunstig.

Skal det nye styret realitetshandsame besøksstrategien før den sendast på høyring, betyr det truleg eit halvt års utsetting, dvs. at høyringsrunda ikkje blir ferdig til budsjettdiskusjonane for tiltaksmidlar for 2013. Besøksstrategien er den første som er utarbeida for ein norsk nasjonalpark, og en godkjent besøksstrategi vil kunne være eit fortrinn når nasjonale midlar til nasjonalparkane skal fordeles for 2013. For å få høyringen ferdig før budsjettdiskusjonane for 2013, foreslår Fylkesmannen i Oppland og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane at fylkesmennene sender strategien ut på høyring, og at styret realitetshandsamar strategien først etter at høyringa er ferdig, dvs. tidleg på hausten ein gong. Styret vil da gjennom kompetansedagane ha fått ein bedre bakgrunn for å vurdere besøksstrategien, samt at dei har innspilla frå høyringsrunden som grunnlag for si handsaming.

Det må framgå klart av høyringsbrevet for besøksstrategien korleis prosessen er lagt opp, og at høyringa skjer i forståing med nasjonalparkstyret.

**Forslag til vedtak:**

Fylkesmennene sender besøksstrategien for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde på høyring, og styret realitetshandsamer strategien først etter at høyringa er ferdig. Det må klart gå fram av høyringsbrevet korleis prosessen er lagt opp, og at høyringa skjer i forståing med nasjonalparkstyret.

**Handsaming i styret:**

Mai Bakken sa at besøksstrategien er eit godt dokument og viktig at den vert lagt ut på høyring no.

**Vedtak:**

Framlegg til vedtak vart samråystes vedteke.

## **Sak 9 – 2012 Memurubu turisthytte – søknad om motorisert transport av faste gjester i samband med påska.**

**Bakgrunn:**

Memurubu turisthytte søker i brev av 22. februar, om å kjøre inn faste gjester fra p-plassen på Gjendeosen og over isen på Gjende. Det er ca 8 km i nasjonalparken med viesel/Snøscooter/traktor. En viser til at Memurubu ligger i en brukssone av nasjonalparken, og at slik transport har foregått siden 1952. Det at turistbedriften kan transportere inn gjester motorisert er et viktig grunnlag for å kunne holde åpent i påsken.

**Vurdert etter:**

- Verneforskrift for Jotunheimen NP (2003)
- Framlegg til forvaltningsplan for Jotunheimen NP og Utladalen LV (2008)
- naturmangfoldloven

**Framlegg til forvaltningsplan (2008)- retningslinjer:**

Turisthyttene Gjendebu, Memurubu og Glitterheim har sida vernevedtaket i 1980 hatt dispensasjon om vinteren for transport av faste gjester 2 gonger i veka, med viesel/snøskuter. Glitterheim har i tillegg 1 tur pr. veke for transport av skuleklasser i vintersesongen. Gjendebu har ikkje brukt sitt løyve dei siste åra. Denne typen transport er på grensa av grunnleggjande prinsipp for nasjonalparkvern og vil derfor ikkje bli utvida.

## **Vurdering**

Det er høy skitrafikk innover Gjende i påsken, og mye motorisert ferdsel bryter med det folk som er på tur i en nasjonalpark forbinder med et verneområde; urørt fjellnatur ro og stillhet. Memurubu har søkt om dette hvert år de siste årene, og løyvet er ikke blitt utvidet utover de 2 turene pr uke. Dei 2 turene turistbedriftene fikk rett etter vernetidspunktet i 1980 var en tillemping til de spesielle forholdene turistbedriftene har hatt i Jotunheimen. Sekretariatet mener det ikke finnes hjemmel til den type tiltak i en nasjonalpark. Ein kan heller ikkje benytte § 48, da det vil vere i strid med verneformålet til Jotunheimen NP, da av omsynet til dei som driv friluftsliv i nasjonalparken. Ein ser derfor ikkje grunnlag for å liberalisere dette ytterligare.

Forvaltninga har rimeleg god oversikt over omfanget av motorisert ferdslle i nasjonalparken, det meste av dette er knytt til drift av turisthyttene (varer og betjening). Ut frå kunnskap om korleis folk reagerer på motorisert ferdslle i verneområde (brukarundersøking 1992, 2002 og 2010) bør ein vere særstakts restriktiv (§ 8). Dette kan og vere en uehdig praksis i høve til andre turistbedrifter og verneområde (§ 9, og § 10). § 11 er mindre relevant i dette høvet. Det er mest miljømessig forsvarleg at besökande går på ski inn til turistbedriftene i påska (§ 12), slik som er tradisjon i norsk utmark, og særleg i nasjonalparkar.

## **Forslag til vedtak:**

Søknaden om å kjøre inn gjester utover dei to turane Memurubu har løyve til i veka blir avslått.

Handsaming i styret:

Harald Klæbo orienterte om litt av bakgrunnshistoria: Det ligg bak vedtaket om oppretting av nasjonalparken i 1980 ei tillemping til tre bedrifter, Glitterheim, Gjendebu og Memurubu ei spesiell ordning med to turar per veke. FMOP har helde fast på dei to turane. Utviding av løyve vil etter FMOP sitt syn forlenge vegen inn i verneområdet. Det er ikkje unntak i verneforskrifta for å gje løyve til persontransport.

Mai Bakken sa at opprettinga av nasjonalparken skal unngå slik aktivitet, og at to turar må kunne dekke behovet.

## **Vedtak:**

Samrøystes vedtak i tråd med framlegg til vedtak.

## **Sak 10 – 2012 Søknad om kjøring med snøscooter i samband med bremålinger på Gråsubreen, Veodalen i Jotunheimen NP.**

### **Dokument i saka:**

- Brev av 27. februar 2012, Universitetet i Oslo, prof. Jon Ove Hagen

### **Vurdert etter:**

- Verneforskrift for Jotunheimen NP (2003)
- Framlegg til forvaltningsplan for Jotunheimen NP og Utladalen LV (2008)
- naturmangfoldloven

### **Verneforskrift/naturmangfaldlov:**

Det er ingen generell unntaksføresøgn for motorisert transport i samband med vitskaplege undersøkingar i

Jotunheimen NP. Søknader om dette må vurderast etter § 48 ettersom verneforskriftens 4.3.4 er oppheva av naturmangfoldlova.

I naturmangfoldlova er det i § 48 gitt en ny generell dispensasjonsføresegn som også er gjeve verknad for verneforskrifter etter naturvernlova. At bestemmelsen gjeld for eldre vernevedtak medfører at generelle dispensasjonsregler i verneforskrifter etter naturvernloven er sett ut av kraft. Dei spesifiserte dispensasjonsreglene i verneføresegnene gjeld fortsatt. Naturmangfoldlova § 48 åpnar for at det kan gjevast dispensasjon dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikkje kan påvirke verneverdiane nevneverdig, eller dersom sikkerhetsomsyn eller omsynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.

Det er to vilkår for dispensasjon etter denne føresegna og begge vilkåra må være oppfylt for at dispensasjon kan bli gjeve:

- 1) tiltaket kan ikkje påvirke verneverdiane nemneverdig, og
- 2) tiltaket må ikkje stride mot vernevedtakets formål.

### Vurdering

Fylkesmennene har tidligere gitt motorferdselløyver til bl.a snødybdemålinger, klimamålinger og bremålinger. Slike undersøkelser har hatt avgrenset omfang, men noen har fått flerårige løyver i samband med snømålinger og vurdering av magasinpotensialet i nedbørfeltet for kraftprodusasjon. Klima og bremålinger er svært viktige parameter rundt arbeid med klimaovervåkningen, som i sin tur har klar relevans i forhold til å ivareta verneverdiene i nasjonalparken. Det vil derfor være vesentlige samfunnsinteresser som ligger til grunn for avgrenset scootertransport til Gråsubreen for bremålinger den 11. april 2012. Vi mener

Forvaltninga har rimeleg god oversikt over omfanget av motorisert ferdsle i nasjonalparken, det meste av dette er knytt til drift av turisthyttene (varer og betjening). Ut frå kunnskap om korleis folk reagerer på motorisert ferdslle i verneområde (brukarundersøking 1992, 2002 og 2010) bør ein vere særstrikтив (§ 8). Ein tur med 2 snøscooterar en kvardag vil etter vår vurdering ikkje medføre stor ulykke for friluftslivet eller sårbare arter. Vi er ikkje kjend med hekking av sårbare artar i dette området, kunnskapsgrunnlaget vurderast som tilstrekkeleg (§§ 9-10). Ein vurderar snøscooter som det framkomstmiddlet med minst miljøkonsekvensar (§12), men talet avgrensast til 2 stk.

### Framlegg til vedtak

Det blir med heimel i naturmangfaldlovas § 48 gjeve Universitetet i Oslo løyve til å nytte 2 snøscooterar i samband med bremålingar på Gråsubreen Jotunheimen nasjonalpark, den 11. april 2012.

Køyrebok skal sendast Fylkesmannen i Oppland innan 1. mai 2012. Dette vedtaket omfattar ikkje løyve etter lov om motorferdsle i utmark der kommunane er myndigkeit.

### Handsaming i styret:

Harald Klæbo orienterte om at vitskaplege undersøkingar har ikkje heimel direkte i forskrifta, og at ein difor må bruke naturmangfaldlova § 48. Undersøkingane er relevante for Jotunheimen.

Tom Dybwad meinte at ein ikkje bør låse til ein dato i tilfelle vanskelege værtilhøve, for då må det bli ny handsaming i styret: Eit løyve bør såleis gjelde ein dag av fleire datoar, med vilkår om varsling til SNO på førehånd.

Framlegg: Løyve til ein dag mellom tysdag 10. til fredag 13. Vilkår om varsling til SNO på førehånd, elles i tråd med framlegg til vedtak.

### **Vedtak (samrøystes):**

Det blir med heimel i naturmangfaldlovas § 48 gjeve Universitetet i Oslo løyve til å nytte 2 snøscooterar i samband med bremålingar på Gråsubreen Jotunheimen nasjonalpark. Løyvet gjeld ein dag i perioden tysdag 10. – fredag 13. april 2012. Bruk av snøskuter skal varslast seinast dagen før til Statens naturoppsynt Jotunheimen.

Køyrebok sendast Fylkesmannen i Oppland innan 1. mai 2012. Dette vedtaket omfattar ikkje løyve etter lov om motorferdsle i utmark der kommunane er myndigkeit.

## **Sak 11 – 2012 Søknad om å arrangere Besseggenløpet – klage på vilkår om øvre deltakaravgrensing på 300 deltakarar**

### **Dokument i saka:**

- klage av 11. januar 2012 fra Besseggen Arrangement v/Bjørg Vole,
- saksframlegg til møte 13. desember 2011,
- utdrag frå protokoll fra møte i Nasjonalparkstyret 13. desember 2011,
- utdrag fra protokoll fra møte i Nasjonalparkstyret 23. mars 2012.

### **Tidlegare vedtak av 13. des. i nasjonalparkstyret:**

Ut frå ei totalvurdering i forhold til verneformålet, andre brukargrupper og målsetting om auka reiselivsmessig bruk av verneområda, blir det gjeve løyve til at det blir arrangert eit løp i 2012 og i 2013, på følgjande vilkår:

### **Vilkår:**

- Maksimalt deltakartal er til saman satt til 300 personar for begge klassane (konkurranse- og mosjonsklasse). Dette er det same talet som andre liknande ein-dags arrangement i nasjonalparken.
- Arrangementet skal gjennomførast i tidsrommet 22.-23. juni 2012. Dette er i tråd med søknaden.
- Merking av traseen og andre fysiske inngrep er tillate på dei stadene dette trengst for å sikre at løparane held seg til den T-merkte stien. Søkjær skal saman med Statens naturoppsynt avgjera kor stien skal merkas. All merking skal fjernast same dag som løpet vert arrangert.
- Det er ikkje tillat bruk av motorkjøretøy innanfor verneområdet i samband med arrangementet, utover den eine båten Vågå Røde kors har behov for på Gjende.
- Deltakarane skal på førehand bli informert om at løpet går i eit verna område og kva for reglar som gjeld blant anna for forsøpling. Arrangøren er ansvarlig for at forsøpling ikkje skjer.
- Deltakarane skal følgje merka stiar. Arrangøren informerer deltakarane om dette. Det er ikkje tillat å bruke sko med metallpiggar under arrangementet på grunn av auka slitasje.
- Etter at arrangementet er gjennomført, skal stien/traseen bli gått over og eventuell søppel fjernast.
- Reklame skal ikkje plasserast i nasjonalparken.
- Fylkesmannen kan endre og/eller gi pålegg om andre vilkår dersom det er nødvendig av omsyn til natur og miljø.
- Arrangøren skal gi melding om når løpet blir gjennomført til Statens naturoppsynt v/Rigmor Solem (tlf. 95965158) og Fylkesmannen i Oppland (tlf. 61266000).
- Det skal skrivast ein rapport om arrangementet som sendast til Fylkesmannen innan 1. september 2011. Rapporten skal beskrive gjennomføringa av arrangementet opp mot dei vilkår som er satt i denne løyvet.

### **Klagevilkår**

Klaga er sendt innan klagefristen og klagevilkåra blir anset som oppfylt.

## **Klagens innhald**

Ein påklagar at det er gjeve avgrensing på tal på deltagarar til 300 i mosjons-/og konkurranseklassa, og at dette talet bør gjelde i konkurranseklassa. Formålet med Besseggenløpet er og vere ein positiv næringsaktør med ringverknader for anna reiseliv i området. Om det skal bli økonomisk interessant må det bli gjeve rom for utvikling.

### **Vurdering:**

Jotunheimen nasjonalpark er oppretta for å verne om urørd fjellnatur og bl.a. som arena for eit naturvenleg friluftsliv. I framlegg til nye verneforskrifter er det foreslått at arrangement og konkurransar framleis må ha særskilt løyve. Dei som går på tur i en nasjonalpark forventar ro og fred for rekreasjon og naturoppleving.

Større konkurranseprega arrangement kan bli oppfatta som et framandelement i parken. Slike arrangement kan likevel bidra til en positiv profilering av verneområdet, samt at det kan ha verknad for lokalt reiseliv. Etter sekretariatet si meining må ein derfor vurdere kor mange slike konkurransar/arrangement ein kan ha i nasjonalparken. Det er vidare viktig at det blir stilt klare vilkår til gjennomføringa. Tidligare praksis har vore å legge arrangement til "bruksdager" i nasjonalparken, men unntak er gjort når det gjelder dette for "Tinderittet" (på snø, i Hurrungane).

Som følgje av det som er nemnt over er det ønskjeleg at "Besseggenløpet" blir gjennomført før den perioda av sesongen med høgast utfart, og med eit avgrensa tal deltagarar. Siste uka i juni samt første halvdel av juli er derfor den mest gunstige perioden ut frå dette omsynet. Dette er likevel framleis ein sårbar periode for dyrelivet. I og med at arrangementet går langs merka sti, og med relativt få deltakara, meiner vi at meirbelastninga med omsyn til dyrelivet vil være akseptabel (§ 12 i nml). Statens naturoppsyn vil kunne gje informasjon om verneområdet under arrangementet.

Fylkesmannen vil i samarbeid med Statens naturoppsyn gjennomføre ei grundig evaluering av arrangementet med omsyn til forsøpling, slitasje og kva haldning andre brukargrupper i fjellet har til slike løp i fjellet/nasjonalparken. Det var gjennomført ei slik evaluering i 2011, men bør gjennomførast også etter 2012. Dette blir eit viktig grunnlag for handsaming av ev. framtidige søknader. Det visast her til kravet etter naturmangfaldlovas § 8. I vurderinga i forkant av løyet, vart det vurdert ansvaret og føresetnadene i høve til tryggleik, samt omsyn til erosjonsutsette parti på stiane. I vedlagte saksframlegg går vurderingane etter §§ 8-12 i naturmangfaldlova fram.

Det var 72 startande i konkurranseklassa, 21 stk i mosjonsklassa i 2011. Nokre mosjonistar gjekk langs vatnet, og nokre over Besseggen. Konkurranseklassa gjekk/løp berre over Besseggen. Tidtaking og startnummer var berre for konkurranseklassen. Besseggenløpet er eit nytt arrangement i nasjonalparken, deltakinga fyrste året var langt under det øvre taket på 300. Sekretariatet meiner at ein gradvis må skaffe seg erfaring med nye arrangement, og tilpasse vilkåra etter storleiken på arrangementet. I og med at Besseggenløpet er eit nytt arrangement og at deltagartalet var langt under den grensa som vart satt, ser vi ikkje grunnlag for å endre det totale talet i konkurranse- og mosjonsklasse. Ev. familiar, ledsagere vil ikkje bli telt som deltagarar. Forvaltninga ønskjer å evaluere korleis eit slikt idrettsarrangement blir oppfatta av dei som går tur over Besseggen same dag. Det er ønskjeleg at arrangementet ikkje blir for stort før ein ser resultata av slik evaluering.

### **Forslag til klagehandsaming:**

Klagen frå Besseggen Arrangement blir ikkje take til følgje, og blir sendt til Miljøverndepartementet for endelig avgjerd.

### **Handsaming i styret:**

Det vart gjeve ein orientering av sekretariatet: "Besseggenløpet" er det siste av 5-6 arrangement som er kome i nasjonalparken. I fjar var det ca 90 deltagarar totalt for begge klassane. Løpet går i eit av dei viktigaste friluftlivsområda i landet, og langs den mest besøkte merkteruta i fjellet. Fylkesmannen har prøvd å kartlegge påverknaden på andre brukarar underveis i løpet i 2011, men ein fekk inn veldig få svar i 2011. Generelt veit ein at ikkje alle er positive til denne type konkurransar og arrangement i nasjonalparken. Brukarundersøkingar i 2010 viste at mange var imot idrettsarrangement i nasjonalparken.

Sekretariatet tilrår ovafor styret at ein haustar gradvis erfaring over tid med eit slikt nytt arrangement. Dei andre arrangementa har og fått avgrensing på tal deltagarar for ikkje å bli for store. T.d. for "Galdhøpiggenet" er det vilkår om avvikling og gjennomføring rydding på ein dag. Inntil det vert gjort erfaringar om effektar på andre brukarar, meiner sekretariatet at ein bør halde litt igjen. Styret ga sist løyve til to år, og ga og løyve til å merke delar av traseen.

I frå diskusjonen i styret vart det sagt at det er viktig at det ikkje går inflasjon i slike arrangement i eit verneområde. Det er også viktig at MD får uttale seg om slike arrangement.

Rigmor Solem opplyste at SNO var til stades i fjar under arrangementet og vil vere med i år også.

### **Vedtak:**

Framlegget til vedtak vart vedteke samrøystes.

## **Sak 12 – 2012 Søknad om stikking av vinterløype Memurudalen – Storådalen**

### **Tidlegare handsaming i nasjonalparkstyret 19. oktober 2011, sak 16-2011:**

Uttale fra tilsynsutvalet for Jotunheimen nasjonalpark (18. okt 2011) i referert og delt ut i møtet. Tilsynsutvalet går imot ei slik merking da ein leder folk inn i krevjande og farleg terren, samt at det gjev auka motorferdsel i eit nytt område. Ein viser og til den overordna sona i forvaltningsplanen der "ein ikke skal ha ytterlegare tilrettelegging".

### **Vedtak 19. okt. 2011:**

Nasjonalparkstyret utset avgjerda til etter at synfaring er gjennomført i vinter (i tråd med innstillinga). Samrøystes.

### **Vurdering/Saksopplysningar:**

Forvaltningen (sekretariatet og SNO) hadde planlagt å gjennomføre synfaringa i veke 11, men pga svært varmt ver og overvatn på Gjende har det ikkje late seg gjere å gjennomføre synfaringa. Om det blir kaldare ver i veke 12 før

styremøtet den 23. mars vil SNO kunne foreta ei synfaring og sende biletet/vurdering til sekretariatet og styret før møtet.

#### Framlegg til vedtak:

Saka må utsetjast til det er gjennomført synfaring og med dette tryggleiken vurdert.

#### Handsaming i styret

Rigmor Solem opplyste at Odd Repp og Politi på synfaring i området i dag.

Harald Klæbo fortalte litt om prinsippa DNT følgje ved stikking av vinterløyper, m.a. at rutene ikkje skal leggjast slik at det dersom kvistene vert bort, så kan skituristane bli leia inn i farleg område.

Tom Dybwad sa at saka ikkje gjeld eit varig vedtak og styret kan delegere saka AU sidan søknaden gjeld i 2012. Usikkert område og tidsavgrensing vil vere naturleg. Må avklare kven som skal gjennomføre kvisting.

#### Nytt framlegg til vedtak:

Styret delegerer til AU å vurdere løyve i vinter basert på vurderingar frå synfaringa 23.03.2012. Kven som skal gjennomføre kvistinga må avklarast på førehand.

#### Vedtak:

Samrøystes vedtak i tråd med nytt framlegg til vedtak.

## **Sak 13-2012 Søknad om fornya løyve for snøskuter 2012-2015 frå Vang Energiverk**

#### **Dokument i saka:**

Søknad av 31.01.2012

Tidlegare løyve av 20.02.2012

#### **Søknaden vert vurdert etter:**

- Verneforskrift for Jotunheimen NP (2003)
- naturmangfoldlova
- Framlegg til forvaltningsplan for Jotunheimen NP og Utladalen LV (2008)

#### **Søknaden**

Søknaden gjeld fornying av løyve til å nytte snøskuter til inspeksjon og vedlikehald av Vang Energiverk sine 22 kV linjer mellom Tyinoiset og Koldedalsbekke (ved avgreining til Koldedalen).

#### **Verneforskrift og naturmangfoldlov**

I Utladalen landskapsvernområde er motorferdsel forbode. Forvaltningsstyretemakta kan gi løyve til motorferdsel for nødvendige tilfelle der særlege grunnar ligg føre (verneforskrifta pkt. IV, 8).

Søknaden må også vurderast etter naturmangfoldlova.

#### **Vurdering**

Kraftlinja på 22kV til Vang Energiverk frå Tyinøset til Koldedalsbekken vart akseptert innafor landskapsvernområdet då det vart oppretta i 1980. Vang Energiverk har i fleire år hatt løyve til bruk av snøskuter for inspeksjon og vedlikehald av kraftlinja, men løyvet dei har hatt til no gjekk ut i 2011. Det blir alltid gjennomført inspeksjon av kraftlinja før vinterferie og påske, og dessutan etter uvêr og brot på linja. Dei siste åra har det til vanleg vore naudsynt med bruk av snøskuter 5-6 gonger i året, men dette varierer. Vang Energiverk opplyser at dei ser det som naturleg å ta kontakt med naturoppsyn Rigmor Solem på førehand med mindre tidspress pga brot på linja o.l. gjer det vanskeleg.

Sekretariatet ser Vang Energiverk sitt behov for å kunne bruke snøskuter til inspeksjon og vedlikehald av kraftlinja, samstundes som vi er opptekne av å avgrense motorferdsle i landskapsvernområdet, særleg i helgane og på heilagdagar. Omfanget av snøskuterbruk som Vang Energiverk har hatt dei siste åra, vurderer vi som akseptabelt. Vi meiner at eit fleirårig løyve er ei fornuftig løysing, og vi har forståing for at det må ligge inne noko fleksibilitet, fordi omfanget av uvêr kan variere frå år til år. Fylkesmannen har fått rapport om snøskuterbruken, og i 2011 var det 6 turar før sommaren og to synfaringar i desember etter stormen Dagmar, alle turane med 2 stk snøskuterar.

Formålet er i tråd med framlegget til forvaltningsplan, og bruk av snøskuter for tilsyn med 22 kV kraftlinje vest for Tyin er teke med som eige punkt som det kan dispensesast for i framlegget til ny verneforskrift for Utladalen landskapsvernområde (2007).

Vi vurderer søknaden etter §§ 8-12 i naturmangfaldlova slik:

**§ 8 Kunnskapsgrunnlaget:** Vi meiner vi har god kunnskap om området, og den omsøkte snøskutertransporten, ut i frå erfaringane frå tidlegare gjevne løyver til Vang Energiverk. Forvaltninga har ikkje motteke klage på utført snøskuterbruk som Vang Energiverk har hatt.

**§ 9 Føre-var prinsippet:** Sidan kunnskapsgrunnlaget, etter vårt skjønn, er godt i denne saka, ser vi ingen fare for at den omsøkte motorferdsla vil ha ukjente, store negative konsekvensar for verneverdiane. Vi meiner likevel det er viktig med eit nært samarbeid/koordinering med SNO for å førebyggje uheldige situasjonar.

**§ 10 Økosystemtilnærming og samla belastning:** Det er i utgangspunktet viktig for forvaltnings-styresmakta å ta omsyn til dei strenge reglane i høve til motorferdsel. Vi meiner at den samla belastninga av motorferdsle i denne delen av Utladalen landskapsvernområde pr. i dag er på eit akseptabelt nivå.

**§ 11 Kostnadene ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar:** Vi ser ikkje at det er relevant å vurdere dette.

**§ 12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetode:** Det er viktig at løyveinnehavaren planlegg snsøkuterbruken for tilsyn slik at det vert minst mogleg kjøring på kortast mogleg tid. Vi meiner og det er ein fordel at transporten skjer midt i veka og ikkje i ei helg, dette av omsyn til friluftslivet.

## Framlegg til vedtak

Vang Energiverk får løyve til bruk av snøskuter for inspeksjon og vedlikehald av 22 kV kraftlinje frå Tyinøset til Koldedalsbekken med inntil 8 turar i året

Løyvet vert gjeve på følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld for åra 2012 – 2015 (det må søkjast om nytt løyve for 2016)
- bruken av snøskuter avgrensar seg til det som er strengt naudsynt, og skal følgje kraftlinja

- berre ved akutt behov skal bruk av snøskuter skje i helg (laurdag-søndag) og på heilagdagar. Til vanleg/planlagt inspeksjon og vedlikehald skal kvardagar (måndag-fredag) nyttast
- om mogleg skal Statens naturoppsyn Jotunheimen v/Rigmor Solem (tlf. 95 96 51 58) kontaktast på førehand
- Nasjonalparkstyret ved sekretariatet får ein rapport innan 1. juli kvart år med rapport om bruk av snøskuter gjennom vintersesongen

### **Klage**

Avgjerda i dette brevet kan klagast inn for Direktoratet for naturforvaltning av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse, med ein frist på 3 veker. Eventuell klage skal sendast til Fylkesmannen, som også kan gje nærmere opplysningar om klagerett og rett til å sjå saksdokument.

### **Handsaming i styret:**

Tom Dybwad opplyste at dette er ei gamal ordning som har fungert godt etter kvart.

### **Vedtak:**

Framleggget til vedtak vart vedteke samrøystes.

## **Sak 14-2012 Søknad om å endre tidspunkt for snøskutertransport til Tindekubbhytta**

### **Dokument i saka**

Søknad av 08.03.2012

Løyve av 02.11.2011 til snøskutertransport til Tindekubbhytta

### **Søknaden**

Søknaden gjeld å kunne gjennomføre snøskutertransport til Tindekubbhytta tidlegare enn tidsramma som ligg i løyvet av 02.11.2011. Elles er det ingen endringar. Løyvet av 2.11.2011 vart vurdert etter verneforskrifta pkt. IV, 5.3.2 og IV, 5.3.4, og etter naturmangfaldlova §§ 8-12.

### **Vurdering**

Tidsramma for snøskutertransport til Tindekubbhytta var i løyvet av 02.11.2011 sett til 25.04. – 10.05. med unntak av søndagar og heilagdagar. Sekretariat vurderer at det ikkje er problem med å gjennomføre snøskutertransporten til Tindekubbhytta tidlegare enn tidsramma i løyvet av 02.11.2012, også av omsyn til villreinen. Vi viser her både til at villreinnemnda hadde ei klage som dei trekte der dei meinte at tidsramma var sett for seint på våren, og til vilkåra for løyvet. Det gjeld

- fjellopsyn Einar Fortun (mob. Tlf.) 97 62 20 53) skal kontaktast av transportutøvar ei veke før transporten er planlagd for å gjennomgå situasjonen til villreinen i området

- fjelloppsyn Einar Fortun (mob.tlf) 97 62 20 53) skal få beskjed seinast dagen før motorferdska skjer.  
Fjelloppsynet (og Statens naturoppsyn) kan påleggje at snøskutertransporten blir utsett dersom dei vurderer det som naudsynt av omsyn til villreinen.

Snøskutertransporten bør ikkje skje i påska, dvs. f.o.m. palmelaurdag t.o.m. 2. påskedag av omsyn til friluftslivet i området.

#### **Framlegg til vedtak**

Tidspunktet for Norsk Tindeklub v/ Bjarne Schmidt sitt løyve til snøskutertransport av varer for åra 2012-2016 vert endra å gjelde i tidsrommet 20. mars -10. mai utanom søndagar, heilagdagar og påska (f.o.m. palmelaurdag t.o.m. 2. påskedag). Løyvet gjeld elles på dei same vilkåra som er fastsett i løyvet av 02.11.2011.

#### **Klage**

Avgjerda i dette brevet kan klagast inn for Direktoratet for naturforvaltning av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse, med ein frist på 3 veker. Eventuell klage skal sendast til Fylkesmannen, som også kan gje nærmare opplysningar om klagerett og rett til å sjå saksdokument.

#### **Handsaming i styret:**

Tom Dybwad opplyste at søknaden berre gjeld forskyving av tidspunkt på grunn av dårlege snøforhold. Som før er det eit vilkår at Statens naturoppsyn skal kontaktast i forkant med omsyn til villrein.

#### **Vedtak:**

Framlegget til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **Sak 15-2012 Søknad om å arrangere Brattkøyringssrenn frå Nordre Dyrhaugstind 21.04.2012 til erstatning for Tinderittet**

#### **Dokument i saka**

Søknad av 9.03.2012.

Løyve av 07.05.2012 til IL Fanaråk om å arrangere Tinderittet fram til og med 2015.

#### **Søknaden blir vurdert etter:**

- Verneforskrift for Jotunheimen NP (2003)
- naturmangfaldlova
- Framlegg til forvaltningsplan for Jotunheimen NP og Utladalen LV (2008)

#### **Søknaden**

Det har i mange år vært arrangert Tinderitt på Turtagrø. I år har IL Fanaråk valgt å ikke arrangere dette rennet. Turtagrø Hotel har vært i dialog med Anders Fortun og andre interesserte og meiner det vil være positivt med en videreføring av vinterinspirerte aktiviteter i området. Derfor ønsker Turtagrø Hotel å fortsette med et renn i området. På nåværende stadiet er det ønskelig å arrangere et brattkjøringsrenn på Turtagrø lørdag 21. april d.å. Turtagrø Hotel vil i samarbeid med Bratt og Moro stå som arrangør. Bratt og Moro AS ved Håvard Nesbø vil stå for organisering og gjennomføring av rennet. I tillegg vil søkeren ha med seg samarbeidspartnere som IL Fanaråk, Sogndal folkehøgskole, Luster Røde Kors Hjelpekorps og eventuelle sponsorer. Rennet skal være et brattkjøringsrenn, der deltakerne går på ski opp og kjører ned på tid. Brattkjøringsrennet planlegges å gå fra Nordre Dyrhaugstind 2100 moh og ned til målområdet på Turtagrø 886 moh. Forventet antall deltagere er fra 1-250 personer. For å få gjennomført rennet vil det være behov for å sette opp porter og flagg til merking av løypa, innramming av målområdet og bruk av snøskuter til enkelte formål, som ved beredskap og kjøring av porter. Tidsperioden for rigging og opprydding av området gjennomføres 20-23. april.

Søkeren har vært i kontakt med IL Fanaråk ved Anders Fortun og fått deres bekreftelse (vedlagt søknaden) på at deres innvilgte tillatelse, om å arrangere Tinderittet på Turtagrø, kan i år benyttes av Turtagrø Hotel og Bratt og Moro, dersom det er mulig å imøtekommе en slik løsning. Turtagrø Hotel AS og Bratt og Moro AS søker således om tillatelse til å arrangere brattkjøringsrenn 21. april 2012. Rennet skal arrangeres samme sted som Tinderittet og arrangøren ber om at tidligere innvilget tillatelsen gitt IL Fanaråken kan benyttes til årets brattkjøringsrenn.

## **Verneforskrift**

Bruk av nasjonalparken i samband med større treningsopplegg, øvinger, jaktprøver m.m. kan bare skje etter godkjenning fra forvalningsstyremakta (verneforskrifta pkt. IV, 6.1). Søknaden skal, som løyvet av 07.05.2010 behandles etter pkt. IV, 8 i verneforskrifta som etter innføring av naturmangfoldloven nå skal vurderes etter § 48 i denne der det heter at «Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig».

## **Vurdering**

I løyvet til IL Fanaråk om å arrangere Tinderittet gjeld følgjande vedtak og vilkår (sitat):

### **«Vedtak**

#### *Arrangement*

Med tilvising til verneforskrifta pkt. IV,6,1 gjev fylkesmannen med dette IL Fanaråk løyve til å arrangere Tinderittet ein dag kvart år for åra 2011 t.o.m. 2015 med inntil 350 deltararar, på følgjande vilkår:

- arrangementet vert lagt til ein laurdag anten siste helga i april eller første helga i mai
- deltararar og tilskodrarar skal gjerast kjende med at delar av arrangementet skjer i ein nasjonalpark, og at det i parken skal takast særlege omsyn til naturmiljøet
- i nasjonalparken skal det ikkje nyttast motoriserte køyretøy unntake til konkret skadetransport og i samsvar med løyve gjeve i dette brevet, sjå nedanfor
- stikking og merking av den delen av løypetraseen som går i nasjonalparken skal fjernast så raskt dette lèt seg gjere etter at arrangementet har funne stad
- det skal ikkje setjast opp reklame i nasjonalparken
- støy skal haldast på eit lågt nivå, t.d. skal høgtalaranlegg o.l. ikkje nyttast til anna enn vanleg/ naudsynt speakerteneste i tilknyting til rennet
- Statens naturoppsyn v/ fjelloppsyn Einar Fortun (tlf. 97 62 20 53) skal varslast i god tid før rennet blir arrangert
- dette løyvet gjeld t.o.m. 2015.

#### *Snøskuter*

- Med tilvising til verneforskrifta pkt. IV,8 får IL Fanaråk løyve til bruk av snøskuter i åra 2011-
- 2015 for inntil 4 turar for å

- utplassere ambulansepulk dagen før arrangementet
- setje (vise) løypa
- ta ned løypestikker rett etter rennet (same dag)
- Løyvet gjeld på følgjande vilkår :
- bruken av snøskuter skal avgrense seg til det som trengst for ei rasjonell gjennomføring av arrangementet
- kortfatta rapport om snøskuterbruken (tal skuterar, tal turar og kva som vart gjort/transportert) skal sendast til fylkesmannen etter at arrangementet er avslutta,
- seinast 1. juli same år
- dette løyvet gjeld t.o.m. 2015»

Sekretariatet meiner at vurderingene gjort i Fylkesmannen sitt løyve av 07.05.2010 står ved lag, dvs. at den samla belastninga ikke blir større enn at ett skirenn i området (Nordre Dyrhaugstind-Turtagrø) kan arrangeres, fordi det ikke strider mot verneformålet og kan påvirke verneverdiene nevneverdig .

Sekretariatet vurderer at det omsøkte brattkjøringsrennet kan arrangeres til erstatning for Tinderittet i 2012 siden Tinderittet er annonsert som avlyst i 2012, IL Fanaråk som skulle arrangert Tinderittet, er med på arrangørsida, omfanget er ikke større enn Tinderittet, rennet blir arrangert langs den same ruta, vilkåra for løyve vil være de samme som i løyvet av 07.05.2010 til IL Fanaråk. Det er avgjørende at det ikke kommer fleire skirenn i det samme området bl.a. av hensyn til villreinen. Turtagrø Hotel og Bratt Moro overtar således IL Fanaråk sitt løyve til å arrangere Tinderittet i 2012. At arrangementet er planlagt gjennomført 21. april i stedet for 1-2 uker seinere enn Tinderittet, vurderer vi som uprøblematisk for villreinen utifra kunnskapen vi har om villreinen og naturmiljøet i området. Vi vurderer også at ved å gjennomføre rigging og opprydding 20.-23. april er arrangøren innanfor fristene som er satt i vilkåra i løyvet til Tinderittet.

Vi minner om at bruk av snøskuter skal avgrense seg til det som er strengt nødvendig, og at arrangøren skal ha god kontakt med fjelloppsyn Einar Fortun om gjennomføring av brattkjøringsrennet for å se til at påvirkningen på naturmiljøet generelt og villreinen spesielt blir så liten som mulig.

### Framlegg til vedtak

Turtagrø Hotel i samarbeid med Bratt Moro (og med m.a. IL Fanaråk som samarbeidspartner) får løyve til å gjennomføre brattkjøringsrenn fra Nordre Dyrhaugstind 21. april 2012 ved å overta IL Fanaråk sitt løyve til å arrangere Tinderittet på de samme vilkåra som Tinderittet har for sitt arrangement Tinderittet, som er avlyst i 2012. Løyvet gjelder inntil 350 deltakere, og vilkåra er (sitat løyve til IL Fanaråk i brev av 07.05.2010):

- «arrangementet vert lagt til ein laurdag anten siste helga i april eller første helga i mai
- deltakarar og tilskodarar skal gjerast kjende med at delar av arrangementet skjer i ein nasjonalpark, og at det i parken skal takast særlege omsyn til naturmiljøet
- i nasjonalparken skal det ikkje nyttast motoriserte køyretøy unntake til konkret skadetransport og i samsvar med løyve gjeve i dette brevet, sjå nedanfor
- stikking og merking av den delen av løypetraseen som går i nasjonalparken skal fjernast så raskt dette lèt seg gjere etter at arrangementet har funne stad
- det skal ikkje setjast opp reklame i nasjonalparken
- støy skal haldast på eit lågt nivå, t.d. skal høgtalaranlegg o.l. ikkje nyttast til anna enn vanleg/ naudsynt speakerteneste i tilknyting til rennet
- Statens naturoppsyn v/ fjelloppsyn Einar Fortun (tlf. 97 62 20 53) skal varslast i god tid før rennet blir arrangert
- dette løyvet gjeld t.o.m. 2015.

### ***Snøskuter***

- Med tilvising til verneforskrifta pkt. IV,8 får IL Fanaråk løyve til bruk av snøskuter i åra 2011-2015 for inntil 4 turar for å
- utplassere ambulansepulk dagen før arrangementet
- setje (vise) løypa
- ta ned løypestikker rett etter rennet (same dag)

Løyvet gjeld på følgjande vilkår :

- bruken av snøskuter skal avgrense seg til det som trengst for ei rasjonell gjennomføring av arrangementet
- kortfatta rapport om snøskuterbruken (tal skuterar, tal turar og kva som vart gjort/transportert) skal sendast til fylkesmannen etter at arrangementet er avslutta,
- seinast 1. juli same år
- dette løyvet gjeld t.o.m. 2015» (sitat slutt)

### ***Klage***

Avgjørelsene i dette brevet kan klages inn for Direktoratet for naturforvaltning av parter i saka eller andre som har rettslig klageinteresse, med en frist på 3 uker. Eventuell klage skal sendes til fylkesmannen, som også kan gi nærmere opplysninger om klagerett og rett til å se saksdokument.

### **Vedtak:**

Framlegget til vedtak vart samrøystes vedteke.

## **Sak 16-2012Eventuelt**

### **a) Ettersendt sak om snøskutertransport**

Harald Klæbo orienterte: Martin Berger Holm (son av Håvard Holm som har privat hytte ved Gjendebu) søkte 21.03.2012 om transport av proviant og ved til hytte i påska. M.a.o. kom søknaden seint inn for handsaming i styret, og det har ikkje vore mogleg å lage saksutgreiing. Munnleg framlegging av saka.

Det er opning i verneforskrifta for å gje løyve til transport av proviant, men denne transporten er søkt om i påska. Gjendebu turisthytte har elles transport inn til området. Skal saka handsamast? Er grunnlaget mangelfullt?

### **Vedtak:**

Saka vert avvist som mangelfullt utgreidd. Søkjaren oppgjer ikkje kva dagar det er søkt om og søknaden kom for seint.

### **b) Løyvingar frå SNO og DN (bestillingsdialogen)**

Rigmor Solem orienterte om at styret har fått om lag kr. 1,7 mill . av kr. 2,885 mill. omsøkt (kap. post 1425.30). I tillegg har styret fått ca. kr. 220 000 i «frie» midlar.

Rigmor Solem la fram framlegg til kuttliste med prioritert bruk av midlar i 2012:

- Stiprosjekta: 500.000 (omsøkt 650.000)
- Kulturlandskapskjøtsel Utladalen: 350.000 (omsøkt 400.000)
- Naturvegledning ½ årsverk : 250.000 (omsøkt 350.000)
- Overvakning villrein: 10.000 (omsøkt 15.000)
- Sluttføring rev. skjøtselsplan Utladalen: 0 (omsøkt 40.000) bør dekkast av 1427
- Kulturlandskapskjøtsel Gjendebu: 70.000 (omsøkt 80.000)
- Overvakning ugler og dagrovfuglar i Utladalen : 60.000 (omsøkt 60.000)
- Naturvegledning 2 sesongtilsette: 0 (omsøkt 350.000)
- Infotavle Koldedalen: 30.000 (omsøkt 40.000)
- Informasjon om søppel og renovasjon: 40.000 (omsøkt 50.000)
- NP-festival: 20.000 (omsøkt 30.000)
- Registrering kulturminner: 0 (omsøkt 200.000) bør dekkast av 1427
- Fullføring steinsel Skogadalsbøen: 250.000 (omsøkt 300.000)
- Informasjonstiltak Utladalen Naturhus: 70.000 (omsøkt 75.000)
- Toalett Turtagrø: 0 (omsøkt 120.000, men manglar godkjende planar)
- P-plass Helgedalen: 0 (omsøkt 75.000, men manglar godkjende planar)
- Jotunheimen NP senter, formidlingsopplegg: 50.000 (omsøkt 50.000)

Totalt: kr. 1 7 mill

Mai Bakken kom med framlegg om at økonomisk disponering av dei «frie» midlane kr. 220 000 skal skje av styret på neste møte, dvs. under kompetanseprogrammet 29.-30. mai.

#### **Vedtak:**

- Styret vil bruke midlane i tråd med framlegget frå Rigmor Solem (samrøystes).
- Bruken av dei resterande midlane kr. 220 000 vert sak på neste styremøte under kompetansedagane 29.-30. mai i år (samrøystes).

#### **c) Kompetansedagane for styret**

Kompetansedagane for styret vert 29.-30. mai i Lom, i lag med Breheimen nasjonalparkstyre. Fylkesmennene sender invitasjon.

#### **d) Underskrift av protokoll**

Underskrift vert ved Mari Helene og Tor. Utkast til referat sendast til alle før utsending til underskrift.

*Referent: Tom Dybwad og Harald Klæbo*

Med helsing

Harald Klæbo (sign.)  
sekretær

Tom Dybwad  
sekretær

Adresseliste:

Medlemmar og varamedlemmar i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen

Mai Bakken, Lom kommune  
Ivar Kvalen, Luster kommune  
Vidar Eltun, Vang kommune  
Iselin Jonassen, Vågå kommune  
Arild Ingar Lægreid, Årdal kommune  
Jørand Ødegård Lunde, Oppland fylkeskommune  
Frida Melvær, Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Bjarne Eiolf Holø, Lom kommune  
Marit Aakre Tennø, Luster kommune  
Aud Irene Hamre Rogn, Vang kommune  
Marie Helene Brandsdal, Årdal kommune  
Tor Jevnheim, Oppland fylkeskommune  
Aleksander Øren Heen, Sogn og Fjordane fylkeskommune

Kopi til:

Direktoratet for naturforvaltning  
Fylkesmannen i Oppland  
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane  
Statens naturoppsyn Jotunheimen v/ Rigmor Solem